

– Eg har alltid hatt **ein draum** om å skriva ei barnebok, men har hatt noko som kanskje har likna på ei frykt for sjangeren, i alle fall ei ærefrykt.

Dette seier barnebokdebutanten Inger Bråtveit. Les intervjuet med henne og finn tips til mange gode leseopplevingar i vår andre Les for meg - utgåve i år.

Klara kan mykje rart om mat

Av Teresa Grøtan
Skald 2012

Denne boka gjev svar på mange kloke spørsmål om mat. Klara får vere med bestemor og bestemor i gardsbutikken deira, og der finn ho ut mykje rart både om kor maten kjem frå og korleis ein lagar maten.

Teresa Grøtan har også skrive boka *Klara kan mykje rart om klede*. Med desse historiene viser ho barna verdivull kunnskap som diverre held på å forsvinne i gløymeboka. Det blir viktigare og viktigare å vise borna at maten ikkje kjem frå frysedisken på butikken.

Visste du at jordbær eigentleg ikkje er bær, men falsk frukt, at honning er biespytt, eller at ein må ha løype i mjølka for å lage ost?

Klara veit alt dette. Besteforeldra er flinke til å svare på alle spørsmåla hennar, og me får lov til å vere med henne og bestemora på besøk til så vel eit ysteri som ein ekte sjokola-defabrikk.

Denne boka vil gje grobotn til mange samtalar om mat og matvanar med borna. Dette er kunnskap både ungar og vaksne vil ha glede av. Ja, kanskje er det overraskande fakta i boka også for dei vaksne som les høgt for borna?

Boka kunne vore illustrert på ein litt meir spanande måte, og framsida kan kanskje framstå som litt rotete. Men her er det innhaldet, den gode historia og alle dei overraskande faktapunkta som er drivkrafta.

Å få kundar til ein liten gardsbutikk er ikkje alltid like

enkelt. Vil Klara klare å få kundane til å besøkje bestemor og bestefar sin butikk?

Monster i mørket og Monsterpest

Av: Kalle Güettler, Rakel Helmsdal og Áslaug Jónsdóttir
Skald 2012

I denne serien finn me også bøkene *Nei! sa Veslemonster* og *Store monster græt ikkje*. Her møter vi Veslemonster og Storemonster, som blir sjuke av monsterpesten og fryktar at skumle tjuvar skal bryte seg inn hjå dei.

Heile tida er det vennskapet som reddar dei. Det er vennskapet som gjer at Veslemonster kjem med blomar, frukt og kaldt vatn når Storemonster er sjuk, og når skumle tjuvar går rundt dørene, er det godt å ha Storemonster på besøk.

Serien skapar eit bilete av ufarlege og sjarmerande monster, monster som sjelve er redde for skumle skuggar på utsida av vindauga, og som blir glade for sjukebesøk når dei blir ramma av monsterpesten. Det viser oss at alt som høyrest farleg ut, ikkje nødvendigvis er det.

Teikningane er akkurat passe mørke og skremmande, men alltid med ein fargerik vri. Blant anna fører monsterpesten med seg eit utslett med rosa prikkar.

Dei små lesarane vil fort kjenne seg att i korleis det er å vere sjuk og ikkje minst mørkeredd. Og raskt vil dei bli glade i monstera med alle sine redslar og kvardagslege utfordringar.

Bruk skallen! sa pappa Åberg

Av: Gunilla Bergström
Cappelen Damm 2012

Alle kjenner historiene om Albert Åberg og pappaen, så langt er 30 bøker om Albert gjevne ut i Noreg. *Bruk skallen! sa pappa Åberg* er den siste som er gjeven ut, og ho kom ut samstundes både i Noreg og i Sverige.

Albert og Milla lagar sin eigen versjon av Star Wars – i riddartida. Dei byggjer ein heil landsby med skattekiste og våpenlager berre for å imponere dei store søskenbarna som kjem på besøk. Men søskenbarna Bing og Benny blir ikkje så imponerte. Dei har fått seg leiketøy som store barn har, både mobiltelefon og robotbil.

Når robotbilen øydelegg landsbyen til Albert og Milla, er slåstkampen i gang, og pappa Åberg må gripe inn. Albert og Milla synest det er urettferdig at pappa Åberg kjeftar på dei og vil straffe dei – det var jo ikkje dei som starta det heile. Men kva skjer eigentleg? Får dei straff? Eller lurar pappa Åberg Bing og Benny?

Bøkene om Albert Åberg er alltid stappfulle av moral, også denne. Det er ikkje lov å slå barn, og det er viktig å bruke skallen, å tenkje seg om når ein skal prøve å gjere noko rettferdig. Slike moralske tema kan fort bli for påtatte i ein tekst og kan verke mot sin hensikt dersom ein ikkje klarer å flette desse spørsmåla inn i handlinga. Elles blir dei berre liggande på utsida. Men boka om Albert Åberg skuffar ikkje, kanskje aller mest fordi me

forventar ein moralsk ende på boka.

Teikningane er kanskje litt trauste, men signaliserer også at det er ei koseleg historie. Albert Åberg har dessutan særtrekka sine i behald, slik at mange vil kjenne han att. Framsida, derimot, kunne ein gjort betrakteleg meir ut av.

Boka passar best for dei frå 6 år og oppover.

Prins Storm


Av Ingunn Røyset
Illustrert av Annlaug Auestad
Skald 2012

Dette er ei fargerik biletbok der me møter vesle Storm, ein gut som føler at han ikkje blir teken heilt på alvor. Veslesøstera meiner han ser ut til å vere frå ein annan planet, bestefaren at han bør klyppe seg, og tanta at han er for vill. Berre fordi håret hans står til alle kantar, og at han har litt mykje energi.

Storm sjølv er derimot overbevist om at han er ein ekte prins – og ein marsbuar. Marsbuarar har nemleg antenner på hovudet, og ein modig musketer kan ikkje sitje og greie håret, han må i staden balansere på sofaryggen og svinge sabelen.

Boka har store og rause illustrasjonar, i varme fargar. Illustrasjonane klarer godt å fortelje historia om Storm sin kamp for å få vere seg sjølv og høyre til i familien. Og når det stormar som verst og alle meiner noko om han – at han må til frisøren, at han må klare å sitje stille, og at han ser ut som eit bustetroll –, ja då er det det beste av alt at ein kan krype opp i mor sitt fang og få trøyst.

Målgruppa for boka er born



i alderen 3–6 år. Dei fleste vil nok kjenne seg att i situasjonen der ein ikkje alltid passar like godt inn.

Rosas buss

Fabrizio Silei

Illustrert av Maurizio A.C. Quarello

Frå italiensk ved Guri Vesaas

Samlaget 2012


Rosas buss er ei fantastisk og varm historie om rasisme, hat og mot til å kjempe for rettane sine, men òg ei historie om redsel og svik. Ikkje minst er dette ei bok som det er viktig å ta seg med inn i framtida. For å løyse utfordringane som kjem, er det viktig å kjenne fortida.

Me møter Ben og beste-far, som er på veg til Henry Ford-museet. På vegen fortel bestefar historia om den farga kvinna Rosa, som i 1955 nekta å reise seg for dei kvite på bussen. Bestefar var sjølv på bussen og såg korleis Rosa slåst for rettane sine. Raselovane kravde nemleg at dei farga skulle reise seg på bussen for dei kvite. Dei farga fekk heller ikkje kome inn på dei same kafeane, og dei fekk ikkje same lønna som dei kvite.

Rasisme og hat er vanskelege tema, men denne varme historia kan opne mange dører, både for dei yngste og dei litt eldre lesarane. Teikningane er detaljrike og litt mytiske. Dei ber preg av å vere bilete frå ei anna tid og tek lesaren med seg til eit litt ukjent terreng.

Dette er ei av dei historiene som ein bør høyre og ikkje minst fortelje. For barna er det viktig å få eit bilete på korleis ein bør stå opp for rettane sine, og kva som kan skje når me er redde for det ukjente.

Det er alltid ein buss som



passerer gjennom livet til kvar og ein av oss. Du må halde auga opne og ikkje miste din, seier bestefaren i boka.

Boka høver best for dei mellom 6 og 9 år.

På nattevakt

Av: Tone Nørvåg

Samlaget 2012

Dette er den andre boka om politihunden Falk og politidama Hanne. Bøkene er lettleste, og dei spanande historiene fenger.

I denne boka skal Falk og Hanne på nattevakt, noko som skal vise seg å bli ei særspennande natt. For det første held dei på å køyre ned Simon, sonen til doktor Bakken, som sykklar på vegen utan lys, og når oldemor til Simon trur ho er vitne til eit innbrot i butikken Juvelen, blir det verkeleg spanande.

Det er godt driv over historia og fleire spenningstoppar å gle seg til. Samstundes er teksten skriven i ei så enkel og lett språkdrakt at historia er lett å fylgje med i og lese for dei fleste. Boka passar best for jenter og gutar mellom 8 og 10 år, men kan nok fint lesast høgt for dei som er mindre, òg.

Omslaget kunne gjerne vore meir spanande enn det er, kanskje blir uttrykket litt for enkelt til å fange målgruppa. Teikningane inni er òg tradisjonelle, men byggjer godt oppunder forteljinga. Boka gjev eit godt bilete av ekte politiarbeid, og det er lett å sjå at forfattaren arbeider som politi på Sunnmøre og kjenner stoffet godt.

Spesielt kjekt er det at politiet sitt fonetiske alfabet står på innsida av omslaget. Det er ikkje sikkert alle dei vaksne lesarane heller kjenner til det.



Ærefrykt for barneboksangeren

Inger Bråtveit gjev no ut barneboka *Kven er snillast av far og mor?* på Flamme forlag, noko som blir forlaget si fyrste barnebok.

AV: JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR

Her møter me Knut, som er på sjukehuset, men som aller mest tenkjer på far og mor: Kven er eigentleg snillast av far og mor?

— Eg har alltid hatt ein draum om å skriva ei barnebok, men har hatt noko som kanskje har likna på ei frykt for sjangeren, i alle fall ei ærefrykt. Etter kvart har frykta måtta vike for bodskapen som eg ikkje lenger kunne og ville brenne inne med, seier Bråtveit, som tidlegare har gjeve ut to romanar og ei diktsamling for vaksne. Ho har tidlegare fått Nynorsk litteraturpris og Kriticarprisen.

Historia om Knut triggjar lesaren til å stille same spørsmålet: Kven er snillast av far og mor? Spørsmålet er både umogleg og utidig, men når me fyrst har stilt oss dette spørsmålet høgt eller inni oss, opnar spørsmålet opp for eit ras av andre spørsmål. Og kanskje eit ras av erkjenningar også, undrar Inger Bråtveit.

Litterært, skranglete univers

Boka er skriven for born frå fem år og oppover, men forfattaren meiner ho også passar for vaksne som ennå minnest korleis det er å vere barn, eller som har barn rundt seg.

— Korleis er det å skrive for born kontra for vaksne?

— Eg kjenner at eg må vere meir direkte og konkret når eg skriv for barn. At historia må vere tydeleg, men med ein bodskap som både er tydeleg og tvitydig. Eg har brukt mykje tid på å byggje opp eit litterært, skranglete univers, der kriteria for logikk, fornuft og form bryt med mange av kriteria som elles finst i den litterære verda, seier Bråtveit, som legg til at det likevel kanskje ikkje er så veldig annleis å skrive for barn enn å skrive for vaksne.

Kritiske lesarar

— Det viktigaste er uansett å ta lesaren og det litterære universet, anten ho er barn eller vaksen, på alvor, slår ho fast.

— Korleis er borna som lesarar, trur du?

— Kritiske, og dei vil ha konkrete svar på spørsmålet som boka stiller: Kven ER snillast av mor og far, då? Då kan det vere godt å ha mor og far i nærleiken, som kanskje kan snakke saman med barnet og opne opp for ein vidare horisont. Men då må den eine klappe att DS-en og den andre setje PC-en i kvilemodus.

Inger Bråtveit legg ikkje skjul på at ho også arbeider med andre prosjekt.

— Det gjer eg, og eg har stor tru på eit litterært vekselbruk innanfor ulike sjangrar.

Denne saka har òg stått på trykk i LNK-avisa nr 5 2012



© Astrid E. Hjeltnesland





PIT PARION

DEI NYNORSKE BARNESONGANE

Nynorske songar er ein flott måte å verta kjend med språket på. Og songtekstane me lærer i barndomen, er gjerne av dei tekstane me hugsar best, livet gjennom. Nynorsksenteret lanserte nyleg den flotte, nyskrivne barnesongen Dagane, der dikteren Hilde Myklebust har skrive eitt vers om kvar av dagane i veka. Songen kan lastast ned gratis frå vevsida til Nynorsksenteret: www.nynorsksenteret.no/dagane/

Songen går inn i ein lang tradisjon med fine barnesongar på nynorsk, og i spalta mi vil eg denne gongen presentera fem av dei nynorske barnesongfavorittane mine. Nokre av dei hugsar eg frå eigen barndom, andre er nyare, men alle er lett tilgjengelege via Spotify og Wimp.

Okken Bom

Den skotske barnesongen «Aiken Drum» har vore omsett til både nynorsk og bokmål. Den nynorske tolkinga, med Olav Stedje som vokalist, kom opphavleg på Rocken Bom-plata tidleg på åttitalet, men har nyleg kome ut i ny innspeling på plata *Alle våre barnefavoritter* (framleis med Olav Stedje som songar). Nynorskutgåva læt friskare enn bokmålsutgåva, mellom anna takk vera fleire synkopar i melodien. Skilnaden er faktisk so stor at eg framleis godt hugsar korleis eg, då eg gjekk i barneskulen, reagerte med sjokk og vantru då ein lærarvikar spelte bokmålsutgåva for oss. Okken Bom skulle jo vera tøff og på nynorsk, ikkje keisam og på bokmål.

Kveldssong for deg og meg

Odd Nordstoga har laga mykje bra for born, med Svingensongen, Vårsong og Bestevenn-plata som nokre av høgdepunkta, men

tonesetjinga hans av Hovland-diktet «Kveldssong for deg og meg» må vel seiest å stå i ei særstilling. Songen finst òg tolka som teikneserie på www.nynorsksenteret.no/teikneseriar/kveldssong.html

Per Spelmann

Det fine med klassikarar som Per Spelmann er at dei gjerne finst i mange ulike, gode innspelningar, og Per Spelmann er ikkje noko unntak. Du har alt frå den irske folkrock-tolkinga til gruppa Tempest, til Fantorangen si sjarmerande tolking på NRK Super. Og visste du at Helge og Rune med The Stringers i 1966 spelte inn ein rockeversjon?

Kråkevisa

Kråkevisa er ein av dei få songane som eg både har likt i barndomen, ungdomen (der eg stort sett tykte andre barnesongar var barnslege) og vaksen alder. Songen er ein gamal ballade som finst i mange variantar, både her til lands og i nabolanda våre, og han finst sjølvstøtt i mange innspelningar, mellom anna i ei stemningsfull tolking med Morten Harket (frå plata *Kvirrevirrevitt*) og i verdsmusikk-tolking med gruppa Vindrosa.

Nede på stasjonen

Plata *Kvirrevirrevitt* inneheld fleire fine tolkingar av kjende barnesongar, og den beste er Good Time Charlie si blues-inspirerte tolking av «Nede på stasjonen». Teksten er på nynorsk (med nokre dialektinnslag), og musikken underbygger heile tida teksten, anten toget gassar opp eller gassar ned. Songen er rett og slett tøffare enn toget.



Arild Torvund Olsen

FØLG OSS PÅ FACEBOOK OG TWITTER

Pirion.no - for deg som jobbar med språk, kultur og litteratur i barnehage og småskulen.

PiRion-kurs

Les meir på www.pirion.no

PiRion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no